

## Strategi 2020 – 2024

### Samfunnsoppdrag

KORO skal sikre at flest mogleg møter eit mangfald av kunst av høg kvalitet i offentlege bygg og på offentlege arenaer. Arbeidet til KORO skal også bidra til å utvikle samtidskunsten og til å gi kunstnarane oppdrag og inntekter.

### Kva er KORO?

KORO er statens fagorgan for kunst i offentlege rom og er organisert som ein statleg etat under Kulturdepartementet. Den faglege verksemda er underlagt prinsippet om armlengdes avstand.

### Kva gjer vi?

KORO produserer og finansierer kunst i offentlege rom over heile Noreg og ved norske konsulat og ambassadar i utlandet. Vi forvaltar og formidlar ei stor, distribuert samling av kunstverk som er kjenneteikna av at verka alltid skal vere tilgjengelege. I tillegg er KORO eit nasjonalt kunnskapscenter innanfor eige fagfelt.

### Kven jobbar vi for?

I og med at kunsten frå KORO finst på stader kor folk ferdast og oppheld seg, er det ambisjonen vår at vi skal nå ut til alle. Resultatet av arbeidet skal vere produksjonar som oppdragsgivarane våre, allmenta og aktørane i kunstfeltet ikkje kan vere likegyldige til. Kunsten skal vere tilgjengeleg for alle, men den skal ikkje tekkast alle. Det er i dette spenningsfeltet at KORO bidrar til å sette ein kunstfagleg dagsorden.

### KORO sin strategi

Strategi 2020 – 2024 er langtidsplanen til KORO. Med den peikar vi på korleis dei overordna måla våre skal bli operasjonalisert i strategiar. Desse blir i dei kommande åra lagt til grunn for utarbeidinga av årsplanar, budsjett og budsjettsøknader. Slik skal strategiane gi føringar for disponeringa av tilgjengelege ressursar. Om vi har nådd måla våre, blir vurdert gjennom den årlege rapporteringa og ved periodiske evalueringar av fleirårige resultat på utvalde område.

## Mål og strategiar

### ***Mål 1: KORO skal produsere og finansiere samtidskunst av høg kvalitet i offentlege rom og miljø***

#### ***Strategiar:***

- Kunstsamlinga til KORO skal ha høg kvalitet og gå i dialog med utviklingstrekk i samtidskunsten nasjonalt og internasjonalt
- KORO skal fremme nye kunstuttrykk i samarbeid med relevante aktørar og institusjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Kunstordningane til KORO skal vere samfunnsaktuelle og relevante for oppdragsgivarar, publikum og aktørar i kunstfeltet
- KORO skal arbeide for at kunstnarane og kunsten spelar ei sentral rolle i utforminga av dei offentlege fellesromma
- KORO skal tilby kunstnarar og kuratorar gode og føreseielege arbeidsvilkår
- Arbeidsmetodane til KORO skal vere føreseielege og fleksible og utviklast i takt med kunstfeltet og samfunnet elles

### ***Mål 2: Kommunikasjonen og formidlinga til KORO skal auke interessa for og kunnskapen om kunst i offentlege rom ved å gjere kunsten allmenn, relevant, synleg og meningsfull***

#### ***Strategiar:***

- KORO skal utvikle og gjennomføre engasjerande og fagleg gode formidlingstiltak
- KORO skal kommunisere med og formidle til eit norsk og internasjonalt publikum
- Kommunikasjonen og formidlinga til KORO skal ha tydeleg definerte målgrupper og jobbe ut frå perspektiva til dei aktuelle målgruppene
- KORO skal vere ei tydeleg stemme i fagfeltet og medieoffentlegheita

### ***Mål 3: Gjennom aktiv forvaltning av kunstsamlinga skal KORO bidra til at kunsten i dei offentlege romma blir tatt vare på og bevart som ein viktig del av den felles kulturarven vår***

#### ***Strategiar:***

- KORO skal ha det overordna ansvaret for den forvaltningsmessige ivaretakinga av statens samling av kunst i offentlege rom
- KORO skal ivareta førebyggjande forvaltning i alle nye kunstprosjekt
- KORO skal dokumentere og gjere tilgjengeleg historia til prosjekta og kunstverka samt korleis dei blir til
- KORO skal vidareføre og utvikle eit aktivt samarbeid med mottakarane av kunsten og bidra til god lokal forvaltning ved å tilby kunnskap, metodar, verktøy og nettverk

***Mål 4: KORO skal vere eit leiande kunnskapsmiljø innanfor produksjon, formidling og forvaltning av kunst i offentlege rom***

***Strategiar:***

- KORO skal arbeide aktivt for utvikling av kunnskap om og kompetanse på kunst i offentlege rom i samarbeid med etablerte kunnskapsinstitusjonar
- KORO skal legge til rette kjelder for forskingsformål
- KORO skal etablere ein eigen politikk for kunnskapsproduksjon, kunnskapsformidling og opplæring
- KORO skal utvikle arenaer for kunnskapsformidling og kunnskapsdeling
- KORO skal styrke kapasiteten til eiga kunnskapsutvikling og kunnskapsformidling

***Mål 5: Drifta av KORO skal ha høg kvalitet og vere transparent, etterretteleg og effektiv***

***Strategiar:***

- KORO skal ha ein effektiv og fleksibel drift av organisasjonen og prosjekta i tråd med rammene for statlege verksemder
- KORO skal forvalte kunstordningane til staten på ein open og habil måte
- KORO skal vere ein utoverretta, attraktiv og profesjonell samarbeidspartnar
- KORO skal ha ein organisasjonskultur som fremmer oppslutning om felles mål, eit inkluderande arbeidsmiljø og utviklingsmoglegheiter for dei tilsette
- KORO skal utvikle ein fysisk og digital infrastruktur som understøttar arbeidet både i og på tvers av seksjonane

***Mål 6: Produksjonane og arbeidsmåttane til KORO skal fremme mangfald, likestilling og eit berekraftig miljø***

***Strategiar:***

- KORO skal arbeide for å fremme kulturell heterogenitet og uttrykksmangfald i dei kunstfaglege vala og produksjonane
- KORO skal sikre likestilling i tildelinga av oppdrag og tilskot
- KORO skal arbeide aktivt og målretta for å avgrense at produksjonane, arbeidsprosessane og infrastrukturen belastar miljøet